

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSREKOMMANDASJON

2018/EØS/73/40

av 23. april 2008

om fastsetjing av den europeiske ramma for kvalifikasjonar for livslang læring

(2008/C 111/01)(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN —

som viser til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 149 nr. 4 og artikkel 150 nr. 4,

som viser til framlegget frå Kommisjonen,

som viser til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

som viser til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾,

som viser til framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og

som legg desse synsmåtene til grunn:

- 1) Utviklinga og godkjenninga av kunnskapen, dugleiken og kompetansen til borgarane er avgjerande for den individuelle utviklinga, konkurransevna, sysselsetjinga og den sosiale utjamninga i Fellesskapet. Slik utvikling og godkjenning bør lette den tverrnasjonale mobiliteten for arbeidstakarar og dei som skal lære, og medverke til stetting av krava til tilbod og etterspurnad i den europeiske arbeidsmarknaden. Tilgang til og deltaking i livslang læring for alle, medrekna vanskelegstilte personar, og bruk av kvalifikasjonar bør difor fremjast og betrast på nasjonalt plan og fellesskapsplan.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT C 111 av 6.5.2008, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28 av 28.5.2009, s. 35.

⁽¹⁾ TEU C 175 av 27.7.2007, s. 74.

⁽²⁾ TEU C 146 av 30.6.2007, s. 77.

⁽³⁾ Europaparlamentsfråsegn av 24. oktober 2007 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 14. februar 2008.

- 2) I konklusjonane frå Det europeiske rådet i Lisboa i 2000 vart det fastsett at auka klarleik når det gjeld kvalifikasjonar er eit av dei viktigaste tiltaka som må til for å tilpasse utdannings- og opplæringsystema i Fellesskapet til krava i kunnskapssamfunnet. Vidare oppmoda Det europeiske rådet i Barcelona i 2002 til eit nærare samarbeid i universitetssektoren og til auka klarleik og betre metodar for godkjenning av kvalifikasjonar innan yrkesretta utdanning og opplæring.

- 3) I rådsresolusjonen av 27. juni 2002 om livslang læring⁽⁴⁾ vart Kommisjonen oppmoda, i nært samarbeid med Rådet og medlemsstatane, til å utvikle ei ramme for godkjenning av kvalifikasjonar innan både utdanning og opplæring på grunnlag av resultatata frå Bologna-prosessen, og til å fremje liknande tiltak på området yrkesopplæring.

- 4) I dei felles rapportane frå Rådet og Kommisjonen om gjennomføringa av arbeidsprogrammet «Utdanning og opplæring» som vart vedteke i 2004 og 2006, vart det streka under at det bør utarbeidast ei europeisk ramme for kvalifikasjonar.

- 5) Innanfor ramma av København-prosessen vart det i konklusjonane frå Rådet og representantane frå styresmaktene i medlemsstatane, samla i Rådet 15. november 2004 om framtidige prioriteringar med omsyn til auka europeisk samarbeid innan yrkesretta undervisning og opplæring, gjeve prioritet til utviklinga av ei ope og fleksibel ramme for europeiske kvalifikasjonar som er basert på klarleik og ymsesidig tillit og som bør utgjere ein felles referanse for både utdanning og opplæring.

⁽⁴⁾ TEF C 163 av 9.7.2002, s. 1.

- 6) Valideringa av resultatane av ikkje-formell og uformell læring bør fremjast i samsvar med konklusjonane til Rådet av 28. mai 2004 med omsyn til felles europeiske prinsipp for identifisering og validering av ikkje-formell og uformell læring.
- 7) Det europeiske rådet i Brussel i mars 2005 og mars 2006 streka under kor viktig det er å vedta ei europeisk ramme for kvalifikasjonar.
- 8) I denne rekommandasjonen vert det teke omsyn til europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2241/2004/EF av 15. desember 2004 om en enhetlig fellesskapsramme for å skape klarhet i kvalifikasjonar og kompetanse (Europass)⁽¹⁾ og europaparlaments- og rådsrekommandasjon 2006/962/EF av 18. desember 2006 om nøkkelkompetanseområde innanfor livslang læring⁽²⁾.
- 9) Denne rekommandasjonen er i samsvar med ramma for det europeiske området for høgare utdanning og dei nøkkelomgrepa som ministrane som er ansvarlege for høgare utdanning i 45 europeiske statar, godkjende på møtet sitt i Bergen 19. og 20. mai 2005 innanfor ramma av Bologna-prosessen.
- 10) Konklusjonane til Rådet av 23. og 24. mai 2004 med omsyn til kvalitetssikring innanfor yrkesretta utdanning og opplæring, europaparlaments- og rådsrekommandasjon 2006/143/EF av 15. februar 2006 om ytterlegare europeisk samarbeid om kvalitetssikring innanfor høgare utdanning⁽³⁾ og standardane og retningslinjene for kvalitetssikring innanfor det europeiske området for høgare utdanning, som ministrane som er ansvarlege for høgare utdanning godkjende på møtet sitt i Bergen, inneheld felles prinsipp for kvalitetssikring til støtte for gjennomføringa av den europeiske ramma for kvalifikasjonar.
- 11) Denne rekommandasjonen rører ikkje ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF av 7. september 2005 om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar⁽⁴⁾, der det vert fastsett rettar og plikter både for den relevante nasjonale styringsmakta og dei som flyttar innanfor Fellesskapet. For dei yrkeskvalifikasjonane som er vortne godkjende i samsvar med direktiv 2005/36/EF, bør tilvising til nivåa innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar ikkje ha innverknad på tilgangen til arbeidsmarknaden.
- 12) Målet med denne rekommandasjonen er å skape ei felles referanseramme som skal fungere som eit omsetjingsverktøy mellom ulike kvalifikasjonssystem og nivåa deira, anten for allmennutdanning eller høgare utdanning eller for yrkesretta utdanning og opplæring. Dette vil auke klarleiken og gjere det lettare å jamføre og overføre borgarane sine kvalifikasjonar som er utferda i samsvar med den praksisen som gjeld i dei ulike medlemsstatane. Kvart kvalifikasjonsnivå bør i prinsippet kunne nåast ved ei rekkje ulike utdannings- og karriereveggar. Den europeiske ramma for kvalifikasjonar bør vidare gjere det mogleg for internasjonale sektororganisasjonar å knyte kvalifikasjonssystema sine til eit felles europeisk referansepunkt og på den måten vise tilhøvet mellom internasjonale kvalifikasjonar innan ulike sektorar og dei nasjonale kvalifikasjonssystema. Denne rekommandasjonen medverkar difor til dei vidare måla om å fremje livslang læring og auke sysselsetjinga, mobiliteten og den sosiale integrasjonen av arbeidstakarar og dei som skal lære. Klare prinsipp for kvalitetssikring og informasjonsutveksling vil fremje gjennomføringa av denne rekommandasjonen då det medverkar til å skape ymsesidig tillit.
- 13) Denne rekommandasjonen bør medverke til å modernisere utdannings- og opplæringsystema, styrkje det innbyrdes tilhøvet mellom utdanning, opplæring og sysselsetjing og bygge bruer mellom formell, ikkje-formell og uformell læring, i tillegg til å medverke til validering av læringsresultat som er nådde gjennom røynslar.
- 14) Dei nasjonale kvalifikasjonssystema og/eller kvalifikasjonane vert ikkje bytte ut eller definerte ved denne rekommandasjonen. Innafor den europeiske ramma for kvalifikasjonar vert ikkje spesifikke kvalifikasjonar eller kompetansen til einskildpersonar definerte, og ulike kvalifikasjonar bør ha tilvising til det tilsvarande nivået i den europeiske ramma for kvalifikasjonar gjennom dei relevante nasjonale kvalifikasjonssystema.
- 15) Denne rekommandasjonen er ikkje bindande og er dermed i samsvar med nærleiksprinsippet og støttar og utfyller verksemda i medlemsstatane ved å fremje ytterlegare samarbeid mellom dei for å auke klarleiken og fremje mobilitet og livslang læring. Han bør gjennomførast i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.
- 16) Ettersom målet for denne rekommandasjonen, nemleg skipinga av ei felles referanseramme som skal fungere som eit omsetjingsverktøy mellom ulike kvalifikasjonssystem og nivåa deira, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor på grunn av omfanget og verknadene av det framlagde tiltaket betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne rekommandasjonen lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla —

(1) TEU L 390 av 31.12.2004, s. 6.

(2) TEU L 394 av 30.12.2006, s. 10.

(3) TEU L 64 av 4.3.2006, s. 60.

(4) TEU L 255 av 30.9.2005, s. 22. Direktivet endra ved rådsdirektiv 2006/100/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 141).

TILRÅR AT MEDLEMSSTATANE:

1. nyttar den europeiske ramma for kvalifikasjonar som eit referanseverktøy for å jamføre kvalifikasjonsnivåa i ulike kvalifikasjonssystem og for å fremje både livslang læring og like høve i det kunnskapsbaserte samfunnet i tillegg til ein ytterlegare integrasjon av den europeiske arbeidsmarknaden, samstundes som det vert teke omsyn til alle dei ulike nasjonale utdanningssystema,
2. koplar dei nasjonale kvalifikasjonssystema sine til den europeiske ramma for kvalifikasjonar innan 2010, særleg ved å gjere tydelege koplingar mellom kvalifikasjonsnivåa sine og dei nivåa som er fastsette i vedlegg II, og om naudsynt ved å utvikle nasjonale ramar for kvalifikasjonar i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis,
3. om naudsynt vedtek tiltak slik at alle nye kvalifikasjonsbevis, diplom og «Europass»-dokument som vert utferda av dei rette styresmaktene, innan 2012 inneheld ei klar tilvising, gjennom nasjonale kvalifikasjonssystem, til det tilsvarende nivået innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar,
4. nyttar ei tilnærming som byggjer på læringsresultat når kvalifikasjonar skal definerast og omtalast, og fremjar validering av ikkje-formell og uformell læring i samsvar med dei felles europeiske prinsippa som det er semje om i konklusjonane til Rådet av 28. mai 2004, med særleg vekt på dei borgarane som er mest utsette for arbeidsløyse eller usikre formar for tilsetjing, og som ved ei slik tilnærming vil kunne auke deltakinga si i livslang læring og tilgangen til arbeidsmarknaden,
5. fremjar og nyttar dei prinsippa for kvalitetssikring av utdanning og opplæring som er fastsette i vedlegg III, når kvalifikasjonar innan høgare utdanning og yrkesretta utdanning og opplæring innanfor dei nasjonale kvalifikasjonssystema skal koplast til den europeiske ramma for kvalifikasjonar,
6. peikar ut nasjonale samordningspunkt som er knytte til dei særskilte strukturane og krava til medlemsstatane, for å støtte og, i samband med andre rette nasjonale styresmakter, styre kontakten mellom nasjonale kvalifikasjonssystem og den europeiske ramma for kvalifikasjonar med sikte på å fremje kvalitet og klarleik i den kontakten.

Oppgåvene til desse nasjonale samordningspunkta bør mellom anna vere å:

- a) kople kvalifikasjonsnivåa innanfor nasjonale kvalifikasjonssystem til den europeiske ramma for kvalifikasjonar som er definert i vedlegg II,
- b) sikre at det vert nytta ein open metodikk i koplinga av nasjonale kvalifikasjonsnivå til den europeiske ramma for kvalifikasjonar med sikte på å lette jamføringa mellom desse og sikre at dei avgjerdene som følgjer av denne metodikken, vert offentleggjorde,

- c) gje aktørar informasjon og rettleiing om korleis nasjonale kvalifikasjonar er knytte til den europeiske ramma for kvalifikasjonar gjennom nasjonale kvalifikasjonssystem,
- d) fremje deltakinga til alle relevante aktørar, medrekna institusjonar for høgare utdanning og yrkesretta utdanning og opplæring, partane i arbeidslivet, sektorar og ekspertar på jamføring og bruk av kvalifikasjonar på europeisk plan, i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.

STØTTER AT KOMMISJONEN TEK SIKTE PÅ Å:

1. hjelpe medlemsstatane til å utføre dei oppgåvene som er nemnde ovanfor, og internasjonale sektororganisasjonar til å nytte dei referansenivåa og –prinsippa i den europeiske ramma for kvalifikasjonar som er fastsette i denne rekommandasjonen, særleg ved å leggje til rette for samarbeid, utveksling av god praksis og vurdering, mellom anna gjennom frivillige fagfellevurderingar og pilotprosjekt innanfor ramma av fellesskapsprogramma, og ved å innføre informasjons- og samrådstiltak saman med utvala for sosial dialog og gjennom utvikling av støtte- og rettleiingsmateriale,
2. innan 23. april 2009, skipe ei rådgjevande gruppe for den europeiske ramma for kvalifikasjonar, som skal vere samansett av representantar for medlemsstatane og involvere dei europeiske partane i arbeidslivet og eventuelt andre aktørar, og som skal vere ansvarleg for å sikre overordna samanheng og fremje klarleik i arbeidet med å kople kvalifikasjonssystema til den europeiske ramma for kvalifikasjonar,
3. vurdere og evaluere, i samarbeid med medlemsstatane og etter å ha rådspurt dei aktørane som det gjeld, dei tiltaka som er sette i verk som følgje av denne rekommandasjonen, medrekna ansvarsområdet og det tidsrommet som mandatet til den rådgjevande gruppa varer, og rapportere til Europaparlamentet og Rådet innan 23. april 2013 om dei røynsleane som er gjorde og følgjene for framtida, medrekna om naudsynt ei eventuell ny vurdering og revisjon av denne rekommandasjonen,
4. fremje tette band mellom den europeiske ramma for kvalifikasjonar og eksisterande og framtidige europeiske system for overføring av studiekvalifikasjonar og akkumulering av kvalifikasjonar innan høgare utdanning og yrkesretta utdanning og opplæring, for å betre mobiliteten til borgarane og lette godkjenninga av læringsresultat.

Utferda i Strasbourg 23. april 2008.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

J. LANARČIČ

Formann

*VEDLEGG I***Definisjonar**

I denne rekommendasjonen tyder:

- a) «kvalifikasjon» eit formelt resultat av ein vurderings- og valideringsprosess som er nådd når eit rett organ har slått fast at ein person har oppnådd læringsresultat etter fastsette kriterium,
- b) «nasjonalt kvalifikasjonssystem» alle aspekt ved medlemsstatsverksemd innanfor godkjenning av læring og andre ordningar som koplar utdanning og opplæring til arbeidsmarknaden og det sivile samfunnet. Dette omfattar utvikling og gjennomføring av institusjonelle ordningar og framgangsmåtar for kvalitetssikring, vurdering og tildeling av kvalifikasjonar. Eit nasjonalt kvalifikasjonssystem kan vere samansett av fleire delsystem og kan omfatte ei nasjonal ramme for kvalifikasjonar,
- c) «nasjonal ramme for kvalifikasjonar» eit verktøy for klassifisering av kvalifikasjonar i samsvar med ei samling kriterium som svarar til spesifikke læringsnivå som er oppnådde, som tek sikte på å integrere og samordne nasjonale delsystem for kvalifikasjonar og auke klarleiken, tilgangen, utviklinga og kvaliteten til kvalifikasjonane i høve til arbeidsmarknaden og det sivile samfunnet,
- d) «sektor» ei gruppering av yrkesverksemdar basert på den viktigaste økonomiske funksjonen, produktet, tenesta eller teknologien deira,
- e) «internasjonal sektororganisasjon» ei samanslutning av nasjonale organisasjonar, medrekna til dømes arbeidsgjevarorganisasjonar og yrkesorganisasjonar, som representerer interessene til dei nasjonale sektorane,
- f) «læringsresultat» ein oversikt over kva ein som skal lære, kan, forstår og er i stand til å utføre ved slutten av ein læringsprosess, definert i form av kunnskap, dugleik og kompetanse,
- g) «kunnskap» resultatet av tileigning av informasjon gjennom læring. Kunnskap er ei samling fakta, prinsipp, teoriar og praksis som er knytt til eit arbeids- eller studieområde. Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar er kunnskap omtala som teoretisk og/eller faktabasert,
- h) «dugleik» evna til å nytte kunnskap og praktiske røymsler til å utføre oppgåver og løyse problem. Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar er dugleik omtala som kognitiv (som omfattar bruk av logisk, intuitiv og kreativ tenking) eller praktisk (som omfattar praktisk handlag og bruk av metodar, materiale, verktøy og instrument),
- i) «kompetanse» ei dokumentert evne til å nytte kunnskap, dugleik og personlege, sosiale og/eller metodiske evner i arbeids- eller studiesituasjonar og i fagleg og personleg utvikling. Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar vert kompetanse omtala som eit uttrykk for ansvar og sjølvstende.

VEDLEGG II

Nøkkelomgrep som definerer nivåa i den europeiske ramma for kvalifikasjonar (EQF)

Kvart av dei 8 nivåa er definert ved ei rekkje nøkkelomgrep som opplyser om det læringsutbytet som er relevant for kvalifikasjonane på det nivået i kvart kvalifikasjonssystem

	Kunnskap	Dugleik	Kompetanse
	Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar er kunnskap omtala som teoretisk og/eller faktabasert	Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar er dugleik omtala som kognitiv (som omfattar bruk av logisk, intuitiv og kreativ tenking) og praktisk (som omfattar praktisk handlag og bruk av metodar, materiale, verktøy og instrument)	Innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar vert kompetanse omtala som eit uttrykk for ansvar og sjølvstende
Nivå 1 Læringsresultat som er relevante for nivå 1	Grunnleggjande allmennkunnskap	Grunnleggjande dugleik som krevst for å utføre enkle oppgåver	Arbeid eller studiar under direkte oppsyn under strukturerte tilhøve
Nivå 2 Læringsresultat som er relevante for nivå 2	Grunnleggjande faktakunnskap innanfor eit arbeids- eller studieområde	Grunnleggjande kognitiv og praktisk dugleik som krevst for å nytte seg av relevant informasjon for å kunne utføre oppgåver og løyse rutinemessige problem ved å nytte enkle reglar og verktøy	Arbeid og studiar under oppsyn med ein viss grad av sjølvstende
Nivå 3 Læringsresultat som er relevante for nivå 3	Kunnskap om fakta, prinsipp, prosessar og allmenne omgrep innanfor eit arbeids- eller studieområde	Ulik kognitiv og praktisk dugleik som krevst for å fullføre oppgåver og løyse problem ved å velje ut og nytte grunnleggjande metodar, verktøy, materiale og informasjon	Ansvar for å fullføre oppgåver innanfor eit arbeids- eller studieområde Tilpassing av eigen åtferd etter tilhøva under løysing av problem
Nivå 4 Læringsresultat som er relevante for nivå 4	Generell faktabasert og teoretisk kunnskap innanfor eit arbeids- eller studieområde	Ulik kognitiv og praktisk dugleik som krevst for å finne løysingar på spesifikke problem innanfor eit arbeids- eller studieområde	Eigenleing innanfor retningslinjene for ein arbeids- eller studiesamanheng som vanlegvis er føreseieleg, men som kan endrast Overvaking av rutinearbeid som vert utført av andre, med eit visst ansvar for vurdering og betring av arbeids- eller studieverksemdar
Nivå 5(*) Læringsresultat som er relevante for nivå 5	Omfattande, spesialisert, faktabasert og teoretisk kunnskap innanfor eit arbeids- eller studieområde og medvit om grensene for denne kunnskapen	Omfattande kognitiv og praktisk dugleik som krevst for å utvikle kreative løysingar på abstrakte problem	Leing og overvaking av arbeids- eller studieverksemd der det skjer uføreseielege endringar Evaluering og utvikling av eigne og andre sine prestasjonar

Nivå 6(**) Læringsresultat som er relevante for nivå 6	Høgt utvikla kunnskapar innanfor eit arbeids- eller studieområde, som omfattar ei kritisk forståing av teoriar og prinsipp	Høgt utvikla dugleik, som viser meistring og nyskaping, og som krevst for å løyse samansette og uføreseielege problem innanfor eit spesialisert arbeids- eller studieområde	Styring av samansette tekniske eller yrkesmessige verksemder eller prosjekt og ansvar for å ta avgjerder i uføreseielege arbeids- eller studiesamanhengar Ansvar for forvaltning av yrkesutviklinga til einskildpersonar og grupper
Nivå 7(***) Læringsresultat som er relevante for nivå 7	Svært spesialisert kunnskap, der ein del er banebrytande innanfor kunnskap på eit arbeids- eller studieområde, som grunnlag for nyskapande tenking og/eller forskning Kritisk medvit om kunnskapsspørsmål innanfor eit område og i grenselandet mellom ulike område	Spesialiserte problemløysingevner som krevst innan forskning og/eller nyskaping for å utvikle ny kunnskap og nye framgangsmåtar og til å integrere kunnskap frå ulike område	Forvaltning og endring av arbeids- eller studiesituasjonar som er samansette og uføreseielege og som krev nye strategiske tilnæringsmåtar Ansvar for medverking til yrkesmessig kunnskap og praksis og/eller evaluering av den strategiske ytinga til grupper
Nivå 8(****) Læringsresultat som er relevante for nivå 8	Kunnskap som er banebrytande innanfor eit arbeids- eller studieområde og i grenselandet mellom område	Dugleik og teknikk på eit svært avansert og spesialisert nivå, medrekna syntese og evaluering, som krevst for å løyse sentrale problem innanfor forskning og/eller nyskaping og for å utvide og definere på nytt eksisterande kunnskap eller yrkespraksis	Høg grad av autoritet, nyskaping, sjølvstende, vitskapleg og yrkesmessig integritet og eit varig engasjement for utviklinga av nye idear eller framgangsmåtar som er banebrytande på eit arbeids- eller studieområde og innanfor forskning

Samsvar med ramma for kvalifikasjonar i det europeiske området for høgare utdanning

Ramma for kvalifikasjonar i det europeiske området for høgare utdanning inneheld nøkkelomgrep for studieperiodar.

Kvart nøkkelomgrep for ein studieperiode er ei allmenn fråsegn om dei forventingane til resultat og evner som vanlegvis er knytte til dei kvalifikasjonane som markerer avsluttinga av den aktuelle studieperioden.

- (*) Nøkkelomgrepet for den korte utdanningsvegen innan høgare utdanning (innanfor eller kopla til den første studieperioden), utvikla i samband med det felles kvalitetsinitiativet innanfor ramma av Bologna-prosessen; svarar til læringsresultatet for nivå 5 innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar.
- (**) Nøkkelomgrepet for den første studieperioden innanfor ramma av kvalifikasjonane til det europeiske området for høgare utdanning som ministrane som er ansvarlege for høgare utdanning, godkjende på møtet sitt i Bergen i mai 2005 innanfor ramma av Bologna-prosessen; svarar til læringsresultatet for nivå 6 innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar.
- (***) Nøkkelomgrepet for den andre studieperioden innanfor ramma av kvalifikasjonane til det europeiske området for høgare utdanning som ministrane som er ansvarlege for høgare utdanning, godkjende på møtet sitt i Bergen i mai 2005 innanfor ramma av Bologna-prosessen; svarar til læringsresultatet for nivå 7 innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar.
- (****) Nøkkelomgrepet for den tredje studieperioden innanfor ramma av kvalifikasjonane til det europeiske området for høgare utdanning som ministrane som er ansvarlege for høgare utdanning, godkjende på møtet sitt i Bergen i mai 2005 innanfor ramma av Bologna-prosessen; svarar til læringsresultatet for nivå 8 innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar.

VEDLEGG III

Felles prinsipp for kvalitetssikring innanfor høgare utdanning og yrkesretta utdanning og opplæring innanfor den europeiske ramma for kvalifikasjonar

Ved gjennomføringa av den europeiske ramma for kvalifikasjonar bør kvalitetssikringa, som er naudsynt for å sikre ein ansvarleg og betra vidaregåande utdanning og yrkesretta utdanning og opplæring, utførast i samsvar med følgjande prinsipp:

- Kvalitetssikringsstrategiar og -framgangsmåtar bør støtte alle nivåa i den europeiske ramma for kvalifikasjonar.
- Kvalitetssikring bør vere ein integrert del av den interne forvaltninga av utdannings- og opplæringsinstitusjonar.
- Kvalitetssikring bør omfatte jamleg vurdering av institusjonane og programma eller kvalitetssikringssystema deira, utført av eksterne overvakingsorgan eller -byrå.
- Eksterne overvakingsorgan eller -byrå som utfører kvalitetssikring bør vere underlagde jamleg evaluering.
- Kvalitetssikring bør omfatte samanheng, innsatsfaktorar, prosess og prestasjonar, med vekt på prestasjonar og læringsresultat.
- Kvalitetssikringssystem bør innehalde følgjande element:
 - Klare og målbare mål og standardar, retningslinjer for gjennomføring, medrekna deltaking frå aktørar.
 - Høvelege ressursar.
 - Einskaplege evalueringsmetodar, som koplar saman eigenvurdering og eksterne evaluering.
 - Tilbakemeldingsordningar og framgangsmåtar for betring.
 - Lett tilgjengelege evalueringssystem.
- Kvalitetssikringsinitiativ på internasjonalt, nasjonalt og regionalt plan bør samordnast for å sikre oversikt, samanheng, samverknad og analyse av heile systemet.
- Kvalitetssikring bør vere ein samarbeidsprosess på tvers av utdannings- og opplæringsnivå og -system, med alle relevante aktørar på medlemsstats- og fellesskapsplan.
- Retningslinjer for kvalitetssikring på fellesskapsplan kan utgjere referansepunkt for evalueringar og ymsesidig læring.